



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

Kommunal beredskapsplikt

Vestnes kommune

Tilsynsdato: 05.12.2014

Rapportdato: 16.02.2015

Innhold

1	BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING.....	3
1.1	FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG.....	3
1.2	PÅLEGG OM GJENNOMFØRING	3
1.3	TILSYNSTEMA	3
1.4	GRUNNLAGSDOKUMENTASJON.....	4
1.5	GJENNOMFØRING	5
2	HOVUDINNTRYKK.....	6
3	RESULTAT FRÅ TILSYNET	7
3.1	MERKNADER	8
4	VIDARE OPPFØLGING.....	9

1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor oppsummerer nøkkelopplysningar om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

Tidspunkt for tilsynet:	11.09.2014 (formøte) 05.12.2014 (tilsyn)
Adressa til kommunen:	Rådhuset, 6390 Vestnes
Kommunennummer:	1535
Kontaktperson i kommunen:	Frank Skorgenes
Fylkesmannen sitt tilsynslag:	Ketil Matvik Foldal (tilsynsleiar) Atle Morsund
Tilsynsrapporten er skriven av:	Atle Morsund
Tilsynsrapporten er godkjent av:	Janne Woie
Førebels tilsynsrapport sendt:	16.01.2015
Endeleg tilsynsrapport sendt:	16.02.2015

1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Vestnes kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt embetsoppdrag til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Tilsyna skal gjennomførast i samsvar med DSB sin tilsynsrettleiar og det skal førast tilsyn med den einskilde kommune minimum kvart fjerde år.

1.3 Tilsystema

I møte mellom DSB og fylkesmennene i mars 2014 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyna i 2014.

1.4 Grunnlagsdokumentasjon

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til fylkesmannen før tilsynet:

Nr.	Dokument	Datering
1.	Oversikt over planar og dokument som omhandlar beredskap i Vestnes kommune	Ikkje datert
2.	Organisasjonsplan Vestnes kommune	13.11.2014
3.	Beredskapsrådet – møteinnkalling	26.08.2004
4.	Beredskapsrådet - møteprotokoll	02.09.2004
5.	Samfunnstryggleik og beredskap. Hovudmålsetjing og delmål for Vestnes kommune	Ikkje datert
6.	Evalueringar etter Dagmar	16.01.2012
7.	Psykososialt kriseteam, Vestnes kommune	Ikkje datert
8.	Øvelsesplan kommunal kriseledelse - 2014	Ikkje datert
9.	Evalueringsskjema Øvelse Fårikål 2014	Ikkje datert
10.	Studie i beredskap – Frank Skorgenes- dekning	02.08.2012
11.	Universitetet i Bergen - studiekontrakt	04.02.2011
12.	Plan for massevaksinasjon	17.08.2009
13.	Legevaktordning frå 2015	03.11.2014
14.	Kommuneplanens arealdel 2015 – 2025	Ikkje datert
15.	Reguleringsplan og rassikring Tomrefjord	23.09.2005
16.	ROS-analyse brannvesenet	Ikkje datert
17.	Plan for brannvernet 2014	Ikkje datert
18.	Nødstrømsaggregat	Ikkje datert
19.	Samarbeid om beredskap mot akutt forureining i Romsdal – Romsdal IUA	27.09.2009
20.	Beredskapsplan mot akutt forureining	Ikkje datert
21.	Eksterne beredskapsplanar – Nettbuss Midt-Norge	23.04.2014
22.	Elveforebygging	Ikkje datert
23.	Ambulansetjenesten	25.10.2013
24.	Vaktordninger	21.11.2014
25.	Tilsynsrapportar – Brannvesenet	01.07.2013
26.	Heilskapleg ROS-analyse	03.01.2014
27.	Overordna beredskapsplan	Ikkje datert
28.	Kommunal planstrategi for Vestnes kommune 2012 - 2015	<i>(lagt fram i tilsynsmøtet)</i>
28.	Beredskapsarbeid i Vestnes kommune	<i>(sendt etter tilsynsmøtet)</i>

1.5 Gjennomføring

Formøte med Vestnes kommune vart gjennomført 11.09.2014. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 05.12.2014. Kven som deltok går fram av tabellen under.

Deltakarar	Stilling	Formøte	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Geir Lien	Ordførar	X	X	X	X
Tone Roaldsnes	Administrasjonssjef	X	X	X	X
Frank Skorgenes	Beredskapsmedarbeidar	X	X	X	X
Jan Fjeldheim	Kommuneoverlege		X	X	X
Reidun Bjølverud	Leir for sørviskontoret		X	X	X
Rune Håseth	Ass. administrasjonssjef		X		X
Ketil Matvik Foldal	Fylkesberedskapssjef	X	X	X	X
Atle Morsund	Rådgjever	X	X	X	X

2 Hovudintrykk

Både dokumentgjennomgangen og tilsynsbesøket viste at Vestnes kommune er medviten om oppgåver og ansvar for samfunnstryggleik og beredskap. Kommunen har god forståing av status for beredskapsarbeidet – også forbettringspotensialet.

Alle elementa innanfor den kommunale beredskapsplikta er på plass. Kommunen har siste åra arbeid målretta og systematisk med samfunnstryggleik og beredskap. Arbeidet er godt forankra både politisk og administrativt.

Heilskapleg ROS-analyse er ferdig og forankra gjennom kommunestyrevedtak. Analysen oppfyller alle forskriftskrav.

Kommunen er i ferd med å revidere den overordna beredskapsplanen. Alt har ikkje falle heilt på plass, men planen oppfyller alle forskriftskrava. Arbeidet framstår som gjennomtenkt, systematisk og godt forankra i handlingplanen til ROS-analysen.

For å gje betre oversikt over arbeidet, bør kommunen vurdere å utarbeide eit styringsdokument som kan fungere som bindeledd mellom strategisk plannivå og beredskapsdokumentasjon, og som oversikt over korleis kommunen skal arbeide (og arbeider) med samfunnstryggleik og beredskap.

3 Resultat frå tilsynet

Avvik er definert som manglande oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

I sluttmøtet vart det konkludert med at fylkesmannen hadde funne avvik frå forskrifta sin § 9 om dokumentasjon. Dette forholdet vart retta opp ved kommunen si oversending av dokumentet «Beredskapsarbeid i Vestnes kommune, dagsett 10.12.2014. Dette kom fylkesmannen i hende før skriving av tilsynsrapporten, og avviket vert då stroke.

Tilsynet avdekte derfor **ingen avvik**.

Eitt forhold er kommentert som merknad.

3.1 Merknader

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

Merknad nr. 1

Kommunen bør vurdere å utarbeide eit styringsdokument som kan fungere som operativ overbygning, oversikt og ramme for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap – eit bindeledd mellom det strategiske plannivået og ROS-analysar, beredskapsplanverk og aktivitet. Eit slikt dokument vil kunne styrke fleire forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men der kommunen har forbettringspotensial – for eksempel:

- tydelegare oversikt over kommunen sitt samla beredskapsplanverk
- tydelegare rutinar for faste møte i kriseleiinga og beredskapsrådet.
- tydelegare rutinar for evaluering – både av øvingar og reelle hendingar
- tydelegare rutinar for gjennomføring av opplæring og øvingar

4 Vidare oppfølging

Fylkesmannen avsluttar tilsynssaka med denne rapporten, men ber Vestnes kommune om å bruke merknadane til saka til å utnytte forbettringspotensialet til å vidareutvikle sitt planverk for arbeid med samfunnstryggleik og beredskap.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten, kan fylkesmannen sin tilsynsleiar kontaktast:

Ketil Matvik Foldal, ketil.matvik.foldal@fylkesmannen.no, 71258483 / 41693480.